

## Inviterer til meningsutveksling i Bergen

Publisert: 17.09.2009



*Erik Bjerring Hansen vil helst sleppa både bompengar og eigedomsskatt. Går ikkje det, forlangar han å få noko att.*

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

**Måndag skipar Kvamskogen vel til ope møte i Terminus hall i Bergen. På dagsordenen står to saker som opptek hyttefolk på Kvamskogen: Kvammapakken og eigedomsskatt. Føremålet er å få fram synspunkt i sakene. Styreleiar i velforeininga, Erik Bjerring Hansen, er usikker på kva som vil koma ut av møtet. Han seier hytteeigarane ikkje vil stå med hatten i handa og punga ut til kvemmingane utan å få ein del att. Det vil difor verta framsett konkrete krav om kompenserande tiltak i møtet.**

**Ordstyrar i Bergen vert Hans Gunnar Skarstein. Mellom andre ordføraren og dagleg leiar i Kvam bompengeselskap skal sitja i debattpanelet.**

**Tysdag skipar Kvam næringsråd til ope møte om Kvammapakken i rådhuset i Norheimsund. Næringsrådet meiner ålmenta har fått vita for lite om bompengapakken.**